

## SAMFUNNSLIV

# Gode bladstyrar, Anders Ryste

Vonar eg får kome til med litt av eit anna syn på Quisling enn den «vrangsida» du syner i svaret til meg i S.liv nr 6/93.

Quisling ville tilbake til «hedningenes» (tid). Han la opp til «maktbruk», skreiv du. Nei, det var vel andre som hadde lagt opp til den makkampen. Som såg fienden i vår nasjonale kultur og kristendomen.

Quisling forstod at me måtte bygge på det gode i vårt nasjonale kulturgrunnlag. «Kristendomens grunnverdier vernes». Me hadde ein arv å ta vare på, «han er større enn mange vil tru», skreiv Ivar Aasen.

Men du har sjølv sagt rett i at Quisling og Brochmann var ikkje like. Har eg skrive noko som du har tyda slik, då er det misstyding. Dei hadde ulike evner og anlegg som alle normalt har frå Skaparens hand. Men som prestesøner hadde dei vel ein sams arv frå kristendomen. Dei vart kunnskapsrike, med ulike livsrøysnlar, men mente vel på kvar sine måtar «å forstå si tid og ville det gode», som Quisling la so stor vekt på.

Eg er samd i det du skriv om «det såkalte rettsopp gjøret der quislingane skulle tjene som sonoffer for et styre som i Mellemkrigs-tiden selv satte både velferd og Grunnlov ut av spill». Men at «Sonofferet var at just samme tro —» Nei!

Me er truleg samde om at Ånda, Sanning i ordet og Retten, burde vere den overordna og sterkeste makt som alle vil respektere, fordi det er i samsvar med den Gudsskapte indre lov, som er lagt i eit kvart normalt menneske. Me har fått vit og samvit, dvs. det som trengst for å ta vare på eige liv, dei nære, naturen og livsmiljøet.

Men me hadde fått lover i strid med den indre Lov, slik som Jesus sa: De gjer Guds lov til inkjes med dykkar eigne lover – fyreskrifter.

Lynna og forvirringa er stor i dag, men det var den og i 1930-åra. Difor bør ein vere varsame med å døme nokon. Men san- ninga bør få kome fram, om den er «usmakleg» for nokon, og nokon «ikkje likar den», er vel slik. Men betre medisin finnst ikkje. Det sa Jesus, og det har mange meint og røynd.

Når det synest for mange å vere so viktig å rakke ned på nokon, då har me grunn til å kome ihug at då kan det ha med avleiring frå noko anna.

Eg kom for litt sidan til å lese noko som kan høve å ta med her, om eg for lov.

«Hr. Quisling har feil, — som vi alle har. Og han kan ha skuffet oss. Det er bare det, at man be-nytter forstørrelseglass når det gjelder å få hans riktig godt frem. Men dog svinner desse bort ved bevisstheten om hans rakryggede holdning da han krevet nasjonens straff over fedrelandsførede. Han forsøkte åpne øinene på dem som er blinde, — de som ikke vil se. Men de som skulde støttet ham, sviktet». Sitat fra Chr.sands Tidende, 16-12-32. Eg tok med dette frå same: «— det nytter lite å gjøre omgående bevegelser når tigeren ligger på sprang. Da får man prøve på å felle den, — eller selv falle», sitat slutt.

Ja, slik var det vel Quisling og Hitler såg det med mange fleire. Dei fall, men kom ikkje til å seie at den kampen var til fanychtes. Stalin vart støtta i midten av Europa, og me fekk «jerntrappe» og «mur» i 40 år. Målet var større. Stalin ville nådd Atlanterhavet og verdsrevolusjonen vore vunnen.

Dyret lever og pengemakta hjelper sine. Men enno må me ha tru på å vinne på troll til sist, og vit over den varge-villskap!

(11.4.93)  
Sigurd Lyngstad

*Dette overvasket meg mykt! 7*  
*20/5. 1993*  
*R.S. L.*

Det er utenkjeleg at Brochmann ville finne på å ikle seg hirduniform og omgi seg med hirdlivvakter slik kongane gjorde i heidningetida, for på det viset å skaffe seg merksem og respekt i det 20ande århundre.

Skilnaden millom denne slags presentasjon og slik Brochmann gjorde. Han som samla vener omkring seg som hylla åndsmakta i menneska, er som natt mot dag. Uniformer og åndsliv dreg aldri ihop.

Quisling trådde etter makta i staten som andre makthungrige. Difor danna han parti og når han ikkje vann fram i demokratisk valg, vel så tydde han til Hitler og vart landssvikar.

Du hevdar at det var andre og ikkje Quisling som la opp til maktbruk. Det er berre ein freistnad på å vri seg unna sanninga. Vel var folket vårt i mellomkrigstida delt i minst tre flokkar. Demokratiet var i opplysing. det var kommunistane som trudde på Sovjet. Det var jøssingane som trudde på England og USA, men sanneleg var her også dei som ville ha tysk, nazistisk styre i landet. Quisling med sitt hoff og si hird ver ein av dei. Nazismen fasinerte. Alle tre kappast på maktplan.

Brochmann derimot påviste nye og revolusjonerande åndsverdar for folket. Samfunnsliv held fram i opphavsmannens spor. For oss gjeld det ikkje makt. Det er soga fylt av utan at det har enda i anna enn sjølvutrydding. Åndslivet i menneska må takast i bruk og avlyse bruken av makt. Menneska i dag må lære å sjå skilnaden på eit indrestyre og eit politisk maktstyre. Dei politiske, økonomiske, religiøse, rasemessige, etniske osv., i det heile: menneska må lære å forstå at når Gud i menneska blir send til himmels, så går mørkemakta på jord inn i Guds plass. Og mørkret skapar interesseomsetningar slik eg har ramsa opp. Krigene er resultatet.

Straks Gud og Gudsriket er blitt borte ifrå menneske sitt tenkesett, kjem otte og angst, hat og misunning, vald og terror, politikk og religion inn i staden. Noko må menneske ha som verderlag for det dei har tapt. Dei nye gudane, (demonane) som dukkar opp, er pengedemonen, organisasjonsdemonen og statsdemonen. Derfor framgår det av Jesu sanne lære, altså ikkje kyrkja si, at du skal søkje sanninga om Gud og menneska og soleis tufta di orientering på fjell og la politikken og religionen fare, også quislingreligionen.

a.r.

03670